



VEDTEKTER

SFO



Revidert - Formannskapet, 23.11.16
Vedtekne – Kommunestyret, 15.12.16

VEDTEKTER FOR KOMMUNALT SFO-TILBOD I SAMNANGER

§ 1 - FORVALTNING OG FORELDREMEDVERKNAND

§ 1.1 **Eigar**

Samnanger kommune eig og driv SFO ved Samnanger barneskule.

§ 1.2 **Forvaltningsansvaret**

Samnanger kommune sin SFO skal drivast i samsvar med Opplæringslova og tilhøyrande forskrifter, kommunale vedtak og årsplanar for SFO.

Kommunestyret har ansvaret for forvaltning og tilsyn med SFO.

§ 1.3 **Foreldremedverknad**

SFO er ein del av skuletilbodet, og SU og FAU skal ivareta foreldra sine interesser i høve til SFO. Skulen skal gje foreldra høve for å vurdere innhald og kvalitet i SFO-tilbodet i høve til pris. Foreldra skal ha høve for å fremja fellesinteresser og arbeida for at samarbeidet mellom SFO og heimen skaper eit godt SFO-miljø. Foreldra bør få uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til SFO. Rektor skal i samråd med SFO-leiar kalla inn til foreldremøte så snart som mogleg etter at nytt skuleår har teke til.

§ 1.4 **Internkontroll**

Kvar SFO skal ha eit system for internkontroll i samsvar med Forskrift om internkontroll og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

§ 2 - FØREMÅL

Jf opplæringslova § 13-7

Rektor har hovudansvaret for SFO-drifta.

§ 2.1 **Innhald**

Skulefritidstilbodet i Samnanger kommune er eit omsorgs- og aktivitetstilbod for barn frå 1.- 4. trinn og for barn med særskilde behov i 1.-7. trinn. SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna.

Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

SFO skal drivast i tråd med skulen sitt verdigrunnlag og vedtektene for skulefritidsordninga. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet (§13-7 opplæringslova).

§ 2.2. **Årsplan**

SFO utarbeider ein årsplan tilpassa lokale tilhøve. Planen for skulefritidsordninga bør seia noko om kva ein ventar av tilbodet og kvarandre. Han må og innehalda ei grovskisse over aktivitetane gjennom året. Hovudvekt bør leggjast på SFO som base for fri utfalding og bruk av uteområdet kring skulane.

Planen bør seia noko om følgjande punkt:

- samsvar med skulen sine mål og retningsliner
- frie/organiserte aktivitetar
- felles/gruppeaktivitetar
- fri/organisert leik
- eventuelle aktivitetar i samarbeid med frivillige organisasjonar

Planen vert godkjent av Samarbeidsutvalet.

§ 2.3

Målform

Målforma i kommunale SFO er nynorsk. Jf målbruksplan for Samnanger kommune.

§ 3 -

OPPTAKSMYND

§ 3.1

Opptaksnemnd

Sfo-leiar og rektor føretek opptak av barn til kommunale skulefritidordningar. Sfo-leiar og rektor gjennomfører eit fellesopptak kvart år, og fortløpande opptak gjennom skuleåret.

§ 3.2

Klageinstans

Formannskapet er klageinstans. Klagefristen er 3 veker frå søkjaren mottek melding.

§ 4

OPPTAK, SØKNAD OG OPPTAKSKRITERIUM

§ 4.1

Opptaksområde

SFO sitt opptaksområde er for heile kommunen. Ved ledig kapasitet og i særskilte høve, kan barn frå andre kommunar få tildelt plass for eitt skuleår om gongen.

§ 4.2

Søknad og opptak

Ved søknad om opptak skal søkjar nytta fastlagt skjema. Søkjar sender påmeldingsskjemaet inn elektronisk via heimesida til kommunen, eller som brev til kommunen. Attestar må liggja ved *når* det er naudsynt. Rektor er ansvarleg for opptaka.

Hovudopptak av barn skjer i vårhalvåret og gjeld inntil plassen vert sagt opp. Dersom plassen ikkje vert sagt opp, har barnet plassen ut skuleåret i 4.klasse.

Søknadsfrist for nye søkjarar er **31.mars**. Dersom det er ledige plassar kan det gjerast opptak i løpet av skuleåret.

§ 4.3

Plasstilbod

Det ordinære SFO-tilbodet følgjer skuleruta, det vil seia 190 skuledagar. Dagleg opningstid er kl **07.00** til skulestart om morgonen, og frå skuleslutt til kl **16.30** om ettermiddagen.

SFO tilbyr også ope i 20 dagar utanom skuleruta. Dette er haustferie, vinterferie, 5 dagar etter skuleslutt og 5 dagar før skulestart. For at SFO skal

halda ope desse dagane er det eit atterhald om at det er minimum påmeldt 8 elevar pr veke. Påmeldingsskjema vert sendt ut i samanheng med desse vekene. Påmeldinga er bindande.

§ 4.4

Opptakskriteria

I utgangspunktet ønskjer ein å gje plass til alle som søker, men tilhøve kan gjere at det ikkje er mogeleg. SFO- leiar og rektor gjer då opptak etter følgjande kriterium:

- a) Elevar med særleg trong for SFO-tilbod etter sakkunnig vurdering. Dette gjeld og elevar opp til 12 år med funksjonshemming.
- b) Elevar i 1. klasse går føre eldre elevar.
- c) Elevar i 2. klasse går føre elevar i 3. og 4. klasse, elevar i 3. klasse går føre elevar i 4. klasse.

Dei som søker utanom hovudopptaket, vil få tildelt plass så langt det er mogeleg ut frå praktiske og økonomiske tilhøve. Dersom det er ledig kapasitet ved SFO-ordninga, er det høve til å kjøpa dagar eller deler av dagar etter søknad til den einskilde SFO. Dette tilbodet gjeld alle elevar i 1.-4. klasse, både dei som har tilbod i SFO og dei som ikkje har det. Prisane vert fastsette av kommunestyret.

§ 4.5

Påmeldingsalternativ

Plasstype
100 % plass kl 07.00 – 16.30 alle dagar i veka
Ettermiddagsplass kl 14.00 – 16.30 alle dagar i veka
Kombinasjonsplass 3-dagarsplass morgon og ettermiddag
Morgon kl 07.00 – 08.30 alle dagar
Kombinasjonsplass – 2 dagarsplass morgon og ettermiddag
Ettermiddag 3 dagar i veka
Kjøp av enkeltdag
Kjøp av enkelttimar
Gebyr ved for sein henting (etter kl 16.30)
Søskenmoderasjon : 30 % for 1. søsken og 50% for 2. søsken. Kan ikkje kombinerast med kjøp av enkeltdagar/-timar

§ 5 -

OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST

§ 5.1

Opptak

Rektor er ansvarleg for opptak av søkjar til SFO. Opptak utanom hovudopptaket vert gjennomført etter kvart som det kjem til søkjarar, dersom det er ledige plassar i løpet av året.

§ 5.2

Endring av opphaldstida

Endring av opphaldstida i skuleåret må meldast skriftleg innan den 1. i månaden.

§ 5.3

Oppseiing

Oppseiing av plassen skal vera skriftleg, og skal sendast til skulen som brev eller via e-post til SFO-leiar. Oppseiinga må vera komen til skulen **innan den 1.i månaden**. Det er 1 måned oppseiingstid.

Dersom ein **ikkje** skal ha plassen skuleåret etter, må det meldast i frå skriftleg via brev eller e-post innan 1.april. Sluttar barnet etter 1. april er regelen at det skal svarast betaling for resten av skuleåret.

§ 5.4

Permisjon

Ein kan i særskilte høve søkja om permisjon og få betalingsfritak frå SFO. Det gjeld t.d. ved samanhengane sjukdom hos barnet ut over 14 dagar o.l . Permisjonen vert avgrensa til skuleåret. Rektor kan gje permisjon og betalingsfritak.

§ 6 -

OPNINGSTIDER OG FERIEAVVIKLING

§6.1

Opningstid

SFO følgjer skuleruta, det vil seia 190 skuledagar. Den daglege opningstida er frå kl. 7.00 til 16.30.

§ 6.2

Ferie

I følgje regelverket for skulefritidsordninga er kommunen ikkje plikta å gje tilbud om SFO i skulen sine feriar. SFO vil likevel gje tilbud om SFO 20 dagar i tillegg til skuleruta. Jamfør § 4 – 3. SFO er stengt i juleferie og påskeferie.

§ 6.3

Planleggingsdagar

SFO-personalet har 5 planleggings-/kursdagar i løpet av skuleåret (jf. tariffavtale). SFO er stengt desse dagane.

§ 7 -

FORELDREBETALING

§ 7.1

Betalingssatsar og betalingsmåte

Kommunestyret fastset satsane for opphald i SFO. Satsane vert gjort gjeldande frå 1. januar kvart år, og går fram av betalingsreglement for kommunen. Innbetalinga skal skje forskotsvis til kommunekasseraren i Samnanger. Betalingsfrist er den 20. kvar måned. Ved manglande betaling vert inkasso og oppseiing av plassen vurdert.

§7.2

Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga gjeld frå den 1. i innmeldt måned og ut oppseiingsmånaden. Ved sjukdom hos barnet ut over 14 dagar, der ein kan leggja fram attest frå lækjar, vert det gjeve betalingsfritak for fråversperioden. Betalinga for 10 månader vil bli fordelt på 11 månader, og gjeld for eit SFO-tilbod på 190 dagar i samheng med skuleruta. SFO gjev tilbud om 20 dagar utanom skuleruta. Det vert eiga påmelding til dette. Dette tilbodet må betalast for i tillegg til vanleg foreldrebetaling.

Pris for sal av einskilde dagar er høgare enn for fast opphaldstid.

§ 7.3

Overtidsgebyr

Dersom eit barn ikkje vert henta innan SFO stenger, kan foreldre/føresette verta pålagt gebyr for kvar påbyrja time overtid. Storleiken på gebyret vert fastsett av kommunestyret.

§ 8 -

LEIKE OG OPPHALDSAREAL

§ 8.1

Areal

Rettleiande norm for barna sitt leikeareal inne er 2,0 m² netto pr. barn. SFO i Samnanger barneskule har følgjande godkjende areal:

<u>Areal</u>	<u>Plassar</u>
116+(40) m ²	58+(20)

§ 9.

BEMANNING OG LEIING

§ 9.1

Leiing

Når SFO er knytt til skular, skal rektor til vanleg vera leiar. SFO kan ha ein dagleg leiar med pedagogisk utdanning eller fagbrev som barne og ungdomsarbeidar. Det skal setjast av tid til leiing og samarbeid etter gjeldande reglar, jfr. særavtale.

§ 9.2

Bemanning

Norm for bemanninga i SFO er 15:1. Norma kan fråvikast ut frå lokale tilhøve som gruppesamansetjing, barn med særskilde behov, aktivitetsformer og alder på barna. Auke i talet på brukarar i løpet av skuleåret utløyser ikkje automatisk auke i personalressursen. Talet på vaksne må vurderast nøye dersom fleire born seier opp i løpet av skuleåret. Hovudopptaket er grunnlaget for bemanninga.

§ 10 -

PERSONALET SINE PLIKTER

§ 10.1

Avgjerdsmynde når barn er sjuke

Den ansvarlege i SFO avgjer om eit barn pga sjukdom mellombels ikkje kan vera i SFO. Det kan vera av omsyn til barnet sjølv og/eller dei andre barna. Går det lengre tid enn 1 veke, må slik avgjerd takast av lækjar.

§ 10.2 Varslingsplikt

Den ansvarlege i SFO har ansvar for å varsle lækjar og/eller foreldre/føresette om ulukker, sjukdom og mistanke om epidemiar.

Er det grunn til å tru at det finn stad barnemishandling, omsorgssvikt eller om eit barn utviklar vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, skal personalet av eige tiltak, og utan hinder av teieplikta melda dette til rektor, kommunelege 1, eller til kommunen si barnevernteneste. SFO-personalet har også opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta, jf. LBVT.

§ 11 - TEIEPLIKT

§ 11.1 - Teieplikt

Medlemmer i Utvalet for oppvekst og omsorg, opptaksnemnda, samarbeidsutvalet, tilsette i administrasjonen og i SFO har teieplikt om saker dei vert kjende med i tenesta, (jf forv1§§ 13 a-f)

§ 12- POLITIATTEST

§ 12.1- Alle som skal tilsettast i skulefritidsordninga, må legge fram politiattest som syner om ho eller han er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømt for slike overgrep, kan ikkje bli tilsett i skulefritidsordninga (Opplæringslova § 13-7 sjette ledd, jf. § 10-9 første og tredje ledd og forskrift til opplæringslova kapitel 15.).